



Jobbnorge-ID: 101639

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat (3 år)

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, Institutt for klinisk odontologi er det ledig ei 100 % stilling som stipendiat for ein periode på tre (3) år. Arbeidsstad er Institutt for klinisk odontologi (IKO).

Stillinga er knytt opp mot prosjektet *Norwegian Nanocellulose Technology Platform* (NORCEL), finansiert av Norges forskingsråd og koordinert av papir- og fiberinstituttet, Trondheim (PFI). Sjå følgjande nettside for meir detaljer om NORCEL-prosjektet: <http://www.pfi.no/New-Biomaterials/Projects/NORCEL/>

Prosjektet

NORCEL-prosjektet har som målsetjing å utvikle nanocellulose med ulike eigenskaper for industrielle, biomedisinske og farmasøytiske applikasjonar. Ein ny generasjon av biologiske materiale basert på nanocellulose er under utvikling i prosjektet, med målsetjing om å stimulere spesifikke cellulære responsar på molekylært nivå. Hypotesen er at ved å kontrollere hydrofilisiteten til materiala og overflata sin nano-/mikrostruktur, kan nanocellulosefibrane bli gode kandidatar som rammeverk for styrt vevsbygging og regenerasjon, og det kan være mogleg å optimalisere veksten av celler inne i materiala. Hovudmålsetjinga er å utvikle eitt nytt og veldefinert biomateriale av nanocellulose for behandling av defektar i beinvev.

Kandidaten vil samarbeide tett med forskingsgruppa ved PFI som arbeider med å optimalisere porøsitet, kjemiske, fysiske og mekaniske eigenskapar til de ulike materiala av nanocellulose som er under utvikling.

Dei viktigaste oppgåvene for kandidaten er å bidra til utviklinga av biomateriala og undersøkje dei biologiske responsane ved å kombinere *in vitro* og *in vivo* modellar for å evaluere vekst og differensiering av beindannande celler.

Kandidaten vil vere medlem av forskingsgruppa for styrt vevsbygging og regenerasjon ved IKO, som er ei multidisiplinær gruppe med cellebiologer, ekspertar på biomaterial, ingeniørar og klinikarar. Hovudforskningsområde for gruppa er translasjonelle tilnærmingar til regenerativ behandling av ulike defektar i skjelettet.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til Kamal Mustafa (hovudrettleiar, professor ved IKO), e-post: kamal.mustafa@iko.uib.no, tel. +47 55 58 60 97 eller Kristin Syverud, (medrettleiar, seniorforskar ved PFI og professor II ved NTNU), tel. +4795903740, e-post: kristin.syverud@pfi.no

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjar må ha relevant mastergrad eller tilsvarande utdanning.
- Søkjaren må kunne dokumentere vitenskapelig erfaring frå laboratorium som er relevant for prosjektet.
- Det er ønskeleg at kandidaten har kunnskap med styrt vevsbygging, produksjon og karakterisering av biomaterial, stamcelleforskning og dyremodellar for å studere beinregenerasjon.
- Erfaring frå relevante forskingsprosjekt vil bli vurdert positivt.
- Kandidaten må vere dyktig i munnleg og skriftleg engelsk.
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt. Du må vere sjølvstendig, kunne samarbeide, vere motivert og ansvarsmedviten, og i tillegg ha stor arbeidskapasitet og entusiasme for forskning

Stipendiatstilling

Stipendiaten skal gå inn i eit godkjend opplegg for ein doktorgrad innafor ei tidsramme på 3 år, utan andre pålagte arbeidsoppgåver ved instituttet. Endeleg plan for gjennomføring av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter start i stillinga. Opptak i fakultetet sitt ph.d.-program er ein føresetnad for tilsetjing i stillinga.

Stipendiatstillinga er ei åremålsstilling. Ingen kan vere tilsett som stipendiat i meir enn ein åremålsperiode ved same institusjon.

Vi kan tilby:

- Løn etter lønssteg 50 (kode 1017/LR20) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter
- tenesteanneinnitet i stillinga. For søkjarar med gjennomført turnusteneste lønssteg 52. For søkjarar med spesialistutdanning lønssteg 58.
- God pensjonsordning i Statens Pensjonskasse
- Her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: www.uib.no/poa/karriere-ved-uib

Om rekruttering i statlege stillingar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentleg sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslas om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknaden skal innehalde:

Eit søknadsbrev der du skriv om din motivasjon, kvifor du søker stillinga og kvifor du passer til denne.

- Ei oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV).
- Attesterte kopiar av vitnemål (all høgare utdanning) og relevante attestar.
- Søkarar med utanlandsk utdanning må legge ved sertifisert omsetjing til engelsk eller skandinavisk dersom originalvitnemålet og karakterutskriftene ikkje er på eit av desse språka. Søklar må i tillegg legge ved NOKUT si generelle godkjenning av at utdanninga samsvarar med norsk mastergrad. Sjå www.nokut.no for meir informasjon om generell godkjenning av høgare utdanning.
- Ei fullstendig liste over publikasjonar og eventuelle andre faglege arbeid du vil det skal takast omsyn til.
- To referansar (namn og kontakinformasjon).

Du sender søknaden med vedlegg elektronisk via JobbNorge ved å klikke på knappen merka «SØK PÅ STILLINGEN».

Søknadane vert sende elektronisk til den sakkunnige nemnda. Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søklar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen. Søknad sendt på e-post vert ikkje vurdert.

Søknadsfrist: 27.4.2014

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: